

# Statens namnekonsulentteneste

## Fråsegn om forskrifter til revidert *Lov om stadnamn*

Dei følgjande merknadene og kommentarane er drøfta og utarbeidde av Statens norskspråklege namnekonsulentar i Tromsø, Trondheim, Bergen og Oslo i november 2005. Namnekonsulentane er fagpersonar som greier ut namnesaker for brukarar og vedtaksorgan, både ved førstegongs handsaming og i klagesaker. Dei har røynsler med dette arbeidet sidan 1991.

### Generelle synspunkt

Namnekonsulentane ser det som viktig at forskriftene til *Lov om stadnamn* blir så tydelege som mogleg. Dette kan hjelpe til med å få lik praksis mellom namnekonsulentkontora. På denne måten kan ein òg hindre unødige klagesaker. Dette tilseier ei fyldig og ganske detaljert utforming av forskriftene. På den andre sida kan det synast praktisk å ha ei enkel orientering for folk flest som kjem i kontakt med lova. Slik sett kan det vera mykje som talar for å ha to sett med forskrifter:

1. Ei fyldig forskrift om lag på same detaljnivå som dei forskriftene vi har i dag. Denne utforminga må ein da tenkje seg at *vedtaks- og tilrådingsorgana* (Statens kartverk, kommunar og fylkeskommunar, klagenemnda og namnekonsulenttenesta) skal bruke.
2. Ei kortare og enkel forskrift som byggjer på den fyldige og er til bruk for ålmenta, men likevel såpass innhaldsrik at ho kan vera med og hindre ressurskrevjande konsulentutgreingar til grunnlause klager.

Når det gjeld forskriftene, så går vi ut frå at dei blir bygde opp på vanleg måte (og i prioritert rekkjefølgje: lovteksten, komiteinnstillinga, merknadene til lova, proposisjonen). Men vi vil gjera merksam på at NOU 1983: 6 bør kunne dragast inn der ikkje andre, nyare reglar seier noko anna, eller der eit punkt kan vera uklart.

Namnekonsulentane vil elles peike på at stadnamn som er i vanleg bruk, er felleseige for så vel lokal- som storsamfunn. Den reviderte lova vektlegg i noko større monn enn før det privatrettslege synet, som altså ikkje har dekning i usus og namnefaglege realitetar. Der det fellesrettslege synet ikkje kjem i konflikt med lova, bør ein leggje hovudvekta på det, i samsvar med namnefagleg syn og allmenn rettsoppfatning (sjå om dette NOU 1983: 6).

## Einskildpunkt i lova og forskriftene

Kommentarane nedafor går berre på dei norskspråklege stadnamna og eventuelt såkalla hybridnamn med norskspråkleg etterledd og samisk eller kvensk førsteledd.

### § 1 *Formål og verkeområde*

I tredje ledd står det at ”departementet kan i særskilte tilfelle gi forskrift om at lova skal gjelde når selskap som det offentlege ikkje eig fullt ut, skal bruke stadnamn”. I Od.prp. nr. 42 (2004-05) s. 18 går det tydeleg fram at departementet meiner dette er naudsynt i somme tilfelle og nemner namnebruken i telefonkatalogen som døme.

Vi vil streke under at dette er viktig, og at det burde seiast eksplisitt i forskriftene at selskap som Telenor og Statoil og andre der Staten er majoritetsaksjonær, pliktar å bruke dei offisielle stadnamnformene. Slik støttar vi òg merknadene til lova på dette punktet (Ot.prop. s. 31).

I fjerde ledd står det mellom anna at lova ikkje gjeld den norske kontinentalsokkelen. Truleg er dette ein rein lapsus, for sjølvsagt må lova gjelde dei mange fiskeplassnamna (médnamna) på den indre delen av kontinentalsokkelen – og dei forholdsvis få vi har på den ytre delen av sokkelen (som *Utvega* og *Havbrua*). Det skulle vera enkelt å få med ei presisering av dette i forskriftene. (Sjå t.d. om dette i innsendte merknader til høyringsnotatet frå instansar som Ot.prp.-en ikkje nemner, t.d. Trønderlaget.)

### § 2 *Definisjonar*

Komiteen (s. 11) foreslo å endre innstillinga i Ot.prp.-en § 4 første ledd om at det i namnenormeringa skal takast utgangspunkt i ”den lokale talemålsforma” til ”den nedervde lokale uttalen”, som er formuleringa i gjeldande lov. Stortinget vedtok endringa frå komiteen, men ein gløymde samstundes å få med ein definisjon av dette uttrykket i lova. Dette kan forskriftene rette opp eit stykke på veg ved å ta inn ein definisjon av dette uttrykket i tilknytning til § 2.

### § 3 *Namnevern og namnsetjing*

Denne paragrafen er ny i den reviderte lova, og i ein kulturvernsamanheng er han svært viktig. Dei nemnde punkta a – c er lite pregnante, kanskje bortsett frå pkt. a som verkar noko pussig i denne samanhengen, og som kanskje er komme med av privatrettsleg overiver? (Merk at *Dal* og *Val* er verna, medan *Dahl* og *Wahl* ikkje er det!) Her er det altså viktig å presisere at vanlege norske rettskrivingsformer av vanlege norske topografiske ord ikkje må stengjast ute av omsynet til personvern.

Merknadene til denne paragrafen er korte og ikkje særleg eintydige. Det gjeld t.d. det som er sagt om nedsetjande namn (Ot.prop. s. 32). Når dette først er problematisert, så bør det i alle fall gå fram av forskriftene at det er tenkt på namn som i vanleg språkoppfatning i dag kan verke nedsetjande – i motsett fall kan ein komma heilt på vidåtta (jf. namn som *Pukerud* og *Puterud*)!

Det er òg viktig å få med i forskriftene det som merknadene i Ot.prop. s. 32 seier om nylaging av namn. ”Når nye namneobjekt skal namnsetjast, bør namneskikken på

staden følgjast når det er mogleg”. Det er han om lag alltid. Her er det òg naturleg å nemne den noko laussleppte namnelaginga av varehus og kjøpesentra somme stader, t.d. typen *City Lade* (Trondheim).

Med den erfaringa namnekonsulentane har frå det praktiske konsulentarbeidet, er det grunn til å tru at namnevernspørsmål ikkje sjeldan vil komma opp i samband med adressering og namngjeving av nye bustadfelt rundt omkring i kommunane (jf. tilfellet *Heksebergåsen* i Sørums, frå 1994). Det er difor ønskjeleg at forskriftene til denne paragrafen blir fyldige og klare. Det vil truleg òg vera til god hjelp om ein tok inn i forskriftene her at vedtaksorganet (kommunane) i slike tilfelle i forkant av sakshandsaminga (namngjevingprosessen) skal vende seg til namnekonsulentane for rettleiing.

#### § 4 Reglar om skrivemåten

Departementets kommentar til dette punktet (Ot.prp. 6.4, s. 19) er heller knapp og ikkje direkte klar. På den andre sida så har det heller ikkje så mykje å seie, for komiteen endra framlegget frå departementet, og lovteksten er at ”det ved fastsetjing av skrivemåten av stadnamn [skal] takast utgangspunkt i den nedervde lokale uttalen”.

Forskriftene til denne paragrafen bør ikkje gjerast snauare enn dagens forskrifter på dette punktet (dei frå 14. okt. 1993). Vel ein i tillegg å laga eit sett med forenkla forskrifter, vil det krevje stor omtanke og vel gjennomtenkte formuleringar, som må ha klar basis i dei språklege realitetane. Namnekonsulentane ser difor for seg at det beste ville vera at departementet knyter til seg namnefagleg ekspertise med god dialektkunnskap når arbeidet med *Reglar om skrivemåten* skal gjerast – slik som departementet gjorde da dei no gjeldande forskriftene i hovudsak vart utforma i 1990-91.

Det er viktig å få med at namneforma i primærfunksjonen som hovudregel skal liggje til grunn (”vere retningsgivande”) for sekundære former. Lovformuleringa bør presiserast og eksemplifiserast med døme.

Det som lova no i andre ledd seier om ”to eller fleire skriftformer av same namn på same namneobjekt”, treng klart ei presisering i forskriftene. Det er vel typen *Glåma/Glomma* ein først og fremst har tenkt på, men utan ei klargjering her kan ein risikere svært mange namn eller namneformer t.d. på vegskilt! Og kva med kart? – I underpunkt c) er formuleringa ”sterk lokal interesse” så vid at forskriftene må seie noko om dette og kanskje lande på eit krav om at det skal vera ein majoritet i lokalsamfunnet som skal ønskje ein avvikande skrivemåte. Og ein slik skrivemåte må ikkje vera i strid med lova elles og gjeldande rettskrivingsprinsipp. Utan ei skikkeleg presisering her er namnekonsulentane redde for at vi kan få lansert slektsnamnformer (som Dahl, Lie, Wiigh o.l.).

I dei gjeldande forskriftene er det om lag ei side med nærare språklege kriterium for normeringa av dei norskspråklege stadnamna. Det er viktig at såpass detaljerte reglar blir vidareførde i dei nye forskriftene, til nytte både for vedtaksorgana og namnekonsulenttenestene. På denne måten kan ein unngå for store sprik i tilrådingar og vedtak. Dette hindrar ikkje at ein bør ta ein kritisk gjennomgang av desse språkreglane, som altså i hovudsak er unntak frå vanleg rettskriving. I alle tilfelle må ein rette opp prentefeil (sjå t.d. midten, under *rd* < gno. *rð*). - Det bør òg drøftast om

ein skal ha ei såpass bastant formulering som ved klusilane: ”I område med uttalen b, d, g for p, t, k skal ein som hovudregel nytte skrivemåten b, d, g.”

Det som står i dei gjeldande forskriftene om normering av monoftongar og diftongar, kan verke uklart, og når det er klart kan det verke uheldig (t.d. at den lægste monoftongen av *ei* etter ordlyden i forskriftene skal normerast til *æ* – t.d. *stæn* hankjønn)!

I tillegg til det som i gjeldande forskrifter er sagt om artikkelen i eintal av sterke hokjønnsord (-a/-i, bergensk -en) bør ein eksplisitt få med at i midlandsmålføra skal hokjønnsartikkelen -e normerast til -a (altså *bygda*, *tjønnna*), i samsvar med praksisen i opplæringsmålet i området. Som kjent har kartverkskontora i Oppland og Buskerud praktisert sivil ulydnad på dette punktet (motsett andre kartkontor). – Det som er sagt om inkjekjønn fleirtal same stad, bør få ei klarare formulering.

#### § 5 *Fastsetjing av skrivemåten*

Lovteksten i den reviderte lova er her kortare enn i den gjeldande, og fleire ting er tekne ut. Det tyder etter vår meining at ein i forskriftene bør ha med t.d. noko om det som er dekt av tredje ledd i gjeldande lov. Det same gjeld siste ledd i den noverande lova.

Forskriftene må òg ha med noko om framgangsmåten ved fastsetjing av namn på namneobjekt som strekkjer seg over fleire kommunar eller fylkeskommunar, t.d. elvar, fjordar, nasjonalparkar o. l. (jf. § 6 første ledd).

Nytt i den reviderte lova er passusen i fjerde ledd om at ”det kan gjerast samlevedtak for skriftforma av eit namneledd innanfor same administrative område”. Dette er høgst problematisk i dag, og det vil ikkje bli betre med dei kommunesamanslåingane vi nok vil komma til å få, og som vi alt har på gang. Her må forskriftene ha ein sikringsventil som kan hindre t.d. hardkjør mot dialektformer i målføredelte kommunar, t.d. typen Sør-Aurdal i Valdres.

Det synest òg her som om lova kan vera i strid med seg sjølv når ein med slike vedtak kan risikere å gå mot det som er sjølvne grunnlaget for normeringa, nemleg at ein skal ta utgangspunkt i den ”nedervde lokale uttalen”.

#### § 6 *Nærmare om saksbehandlinga*

Her er det ein del nytt som ein må ta omsyn til i forskriftene, m.a. at råda frå namnekonsulentane skal gjevast på eit seinare stadium i avgjerdsprosedyren. Det vil høgst sannsynleg føre til både uklårleik med saksgangen ute i kommunane og dessutan mange forslag og vedtak som kan gje grunnlag for klager. Forskriftene bør difor ha med eit punkt om at dei som ønskjer eit tidleg råd, kan få det ved å vende seg til namnekonsulentane (jf. § 11).

#### § 9 *Bruk av stadnamn*

I siste ledd blir det her sagt at offentlege organ skal halde fram med ”å bruke dei skriftformene som er i bruk av det offentlege når lova blir sett i verk...” Dette tyder at ein kan bruke namn med merkelappen *godkjent* i SSR. Slik kan ein t.d. i SSR frå økonomisk kartverk for Østre Toten finne godkjende former som *Blikseth Nedre* og *Bækkevold* (for *Nedre Blikset* og *Bekkevoll*). Frå namnefagleg hald generelt og frå namnekonsulenthald spesielt har det vore eit ankepunkt mot den gjeldande lova og

den måten vedtaksorgana har praktisert henne, dvs. at namn som har vore i bruk før lova tok til å gjelde, framleis skal kunne nyttast, utan at det er lagt bindande føringar for korleis ein skal stille seg til dei ulike skriftformene som er i bruk.

I merknadene til § 4 (s. 33) og § 9 (s. 35) kjem departementet inn på dette spørsmålet og seier det som i kortform kan samanfattast som at skriftformer med grunnlag i tidlegare offentleg bruk kan framleis brukast (inntil nytt vedtak blir gjort).

Namnekonsulentane meiner at forskriftene bør ha ei klar formulering om at dei namneformene som er fastsette etter føregåande råd frå namnekonsulentar, bør foretrekkast i ein offentleg samanheng. Det vil i dei fleste samanhengane seie namneformene på N50-karta – i motsetning til namn frå sjøkart og økonomiske kart.

I forskriftene bør det stå noko om at når det er gjort vedtak om skrivemåten av eit namn, så skal offentlege organ og andre som pliktar å følgje slik namnebruk iflg. § 1 tredje ledd straks ta namnet i bruk. Det skal altså ikkje vera høve til å unødige drygje ut eller trenere eit namnevedtak.

### § 10 Klage

Første ledd i lovteksten seier at ”klage skal grunngivast”. Praksis frå namnekonsulentarbeidet syner at mange klagarar, særleg kommunar, berre radar opp ei rekkje namn som dei klagar på, og gjernast utan grunngjeving. For å få ei meir seriøs behandling av klagene bør difor forskriftene slå fast at klagene skal grunngjevast for kvart einskilt namn eller namneledd. På denne måten vil ein truleg kunne sikre ei grundigare klagebehandling ved at ein får informasjon om kva problemet er og dermed kan unngå lokal irritasjon.

## Sluttmerknader

Ved gjennomgangen ovafor skulle det synast klårt at det er naudsynt med forholdsvis fylldige forskrifter for vedtaksorgana og konsulenttenestene. Skulle departementet finne å vilje ha eit sett med kortare ”forskriftsamandrag” til bruk for ålmenta, noko vi ikkje finn urimeleg, så må det fylle ein orienteringsfunksjon, ikkje ein vedtaksfunksjon.

Forskriftene bør som no liggje føre i ei nettutgåve, og bære utgåvene dersom ein vel løysinga med to sett. Men formgjevinga og oppsettet må vera langt meir oversiktleg og publikumsvennleg enn dagens nettversjon.

Ved namn som blir fastsette ved separate lover, først og fremst kommunenamn, fylkesnamn og namn på nasjonalparkar, er det i dag ikkje nedfelt i noko regelverk at namnespørsmåla skal få ei namnefagleg vurdering. Slik vil t.d.

Kommunaldepartementet på eiga hand kunne avgjera namnespørsmål for dei kommunenamna som no synest å vera i kjømda ved nye kommunesamanslåingar.

Namnekonsulentane finn dette uheldig og ber departementet drøfte kva ein skal gjera med dette for å sikre at dei namnefaglege synsmåtane blir med i vurderingsgrunnlaget når slike spørsmål blir aktuelle.

Bergen og Trondheim, den 28. november 2005-11-25

Oddvar Nes  
namnekonsulent

Ola Stemshaug  
namnekonsulent

Kopi til Norsk språkråd